

# Mineralråd - Reglement

«Mineralrådet sitt reglement regulerer heimel, val og samansetnad av rådet, mandat, samt sekretariatsfunksjon

## REGLEMENT FOR MINERALRÅDET

### § 1 - Heimel

Mineralrådet er eit fast utval oppretta i medhald av kommunelova, §5-1

### § 2 - Val og samansetnad

Fylkestinget vel medlemene til utvalet. Mineralrådet kan ha inntil 9 medlemmer og vere samansett slik:

- Fylkesordfører
- 1 medlem fra eit fylkeskommunalt politisk organ
- Ordfører i vertskommune
- 1 medlem frå eit vertskommune frå politisk eit politisk organ
- 2 representantar frå utdanning/forskning
- 2 representantar frå næring (ein frå Norsk Bergindustri)
- 1 representant frå miljøorganisasjon

Fylkesordføraren skal vere leiar for rådet. Ordfører i vertskommunen er nestleiar. Valet gjeld for den fylkeskommunale valperioden.

### § 3 - Mandat

Mineralrådet skal ha følgjande mandat:

- Arbeide for industriell utnytting av mineralressursane i fylket.
- Mineralrådet skal halde seg oppdatert om utviklinga innan mineralnæring og ha særleg fokus på:
  - Framtidsretta mineralforvaltning
  - Mineralretta næringsutvikling
  - Mineralretta utdanning
  - Samla infrastruktursatsning
  - Berekraftig utvikling
  - Vidareforedling
  - Handtering av restmasse
  - Aktuelle mineralprosjekt
  - Konesjonsrundar

### § 4 - Sekretariat m.v.

Fylkesrådmannen og rådmannen i vertskommune har møte- og talerett i Mineralrådet. Retten kan utøvast av han personleg eller av ein av hans underordna.

Sunnfjord kommune har ansvaret for at sekretariatsfunksjonen vert utført på ein tilfredsstillande måte og fører rekneskap for utgifter til rådet.

For rådet gjeld elles reglement for sakshandsaming i politiske utval.

# Mineralråd – Mandat

«Etablere eit mineralråd som skal arbeide for industriell utnytting av mineralressursane i fylket. Mineralrådet vert etablert i Sogn og Fjordane, og skal vidareførast for nye Vestland fylke.

## Mineralrådet vert oppretta med følgjande mandat:

- Arbeide for industriell utnytting av mineralressursane i fylket.
- Mineralrådet skal halde seg oppdatert om utviklinga innan mineralnæring og ha særleg fokus på:
  - Framtidsretta mineralforvaltning
  - Mineralretta næringsutvikling
  - Mineralretta utdanning
  - Samla infrastruktursatsning
  - Berekraftig utvikling
  - Vidareforedling
  - Handtering av restmasse
  - Aktuelle mineralprosjekt
  - Konesjonsrundar

«Mineral er innsatsfaktor i nesten all vareproduksjon, og stabil tilgang er ein føresetnad for økonomisk vekst. For Noreg er det viktig å sikre størst mogeleg verdiskaping ut frå felles ressursar, balansert opp mot samfunnsansvar og miljøomsyn.

EU har vendt augene mot eigne ressursar fordi ein ønskjer ei større grad av sjølvforsyning av til eksempel metall og mineral. I dag forbrukar europearar langt meir metaller enn dei sjølv produserer. EU har utarbeidd råvarestrategi.»

Det vert etablert eit mineralråd med klart definerte resultat-, prosess- og effektmål som skal sikre målretta arbeid mot regionale og sentrale myndigheiter.

<p><b>Resultat-mål</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeide for å realisere 300 nye arbeidsplassar innan 10 år, SINTEF rapport frå 2013</li> <li>• Arbeide for vidareforedling av mineralressursar og etablering av metalurgisk industri basert på mineral i regionen</li> <li>• Arbeide for full elektrifisering av mineralnæringa innan 10 år</li> <li>• Realisere 100 studieplassar innan mineralnæringane</li> <li>• Gjennomføre ressurskartlegging av mineralressursar i alle kommunar i fylket</li> <li>• Arbeide for at restmassereduksjon av mineralprosjekter; gråberg, avgang og overskotsressursar vert 100% nytta</li> </ul>
<p><b>Prosess-mål</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Inngå partnerskapsavtalar med andre regionar som tek til å utnytte mineralressursar</li> <li>• Etablere samarbeid med offentlege og private verksemdar</li> <li>• Etablere samarbeid med miljøorganisasjonar og næringslivet sine organisasjonar</li> <li>• Sikre og påverke rammevilkår for vertskommunane og mineralnæringa</li> </ul>
<p><b>Effektmål</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Etablere fylke som ein av dei viktigaste mineralregionane i EU</li> <li>• Betre omdømme til mineralnæringa og mineralutvinning</li> <li>• Sikre kompetanse og kvalifisert arbeidskraft</li> <li>• Påverka rammevilkår for effektiv og god utnytting av mineralressursar</li> </ul>

# Mineralråd – Partnerskap

«Frå Naustdal kommune si side vil det være ynskjeleg å gå vidare med ein partnerskapsmodell der kommunen si satsing er ein del av eit regionalt program, og då linka til eit mineralråd.

Det bør setjast opp forventingar til korleis løyse ut ressursar til eit slikt program og ein slik eventuell partnerskap. Dette er ei naturleg oppfølging og detaljering av ambisjonane nedfelt i avtale om nærings- og samfunnsutvikling.»

## Mineralrådet si rolle i partnerskapet

- Etablere partnerskap med andre regionar
- Etablere kontakt med eksterne partar, i og utanfor fylke
- Utarbeide mål for mineralråd og mineralverksemd
- Førebu politiske saker
- Utarbeide retningslinjer for ressursbruk og godkjenne prosjektrekneskap
- Profilere fylke og mineralnæringane
- Sikre rammevilkår for vertskommunane og mineralnæringa

## Kommune si rolle i partnerskapet

- Etablering og gjennomføring av prosjekt
- Samarbeid med lokale og regionale næringsaktørar
- Tilsette og ha ansvar for prosjektr ressursar
- Sekretariat for mineralrådet
- Førebu politiske saker
- Etablere rutinar for ressursforvaltning og ha partnerskapsrekneskap
- Etablere referansegruppe med konsesjonshaver og lokalt næringsliv for utarbeiding og oppfølging av prosjekter